

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 06.08.2024

Vår ref.: 202302572-22 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Blådalselva kraftverk – Invitasjon til synfaring

NVE inviterer til synfaring i samband med behandling av søknad om Blådalselva kraftverk i Gloppen kommune, Vestland fylke, onsdagen den 11. september klokken 11

NVE har fått ein søknad frå Kandal Kraftverk AS om løyve til å byggje Blådalselva kraftverk i Gloppen kommune. Søknaden er lagt ut på NVE si nettside: www.nve.no/9011/V.

I samband med behandlinga vår av søknaden, blir det avhalde synfaring av tiltaksområdet **onsdagen den 11. september 2024 med oppmøte klokken 11**. Denne invitasjonen går ut til alle som sende inn høyringsfråsegn då saka var på høyring mars-mai 2024.

Kvifor og korleis blir synfaringa gjennomført?

NVE held synfaring etter at vi har fått alle høyringsfråsegner, og søkjar har fått høve til å kommentere desse. Synfaringa skal dekkje to formål: Det eine er at NVE skal få høve til å gjere seg kjend med området som blir ramma og kva problemstillingar tiltaket kan innebere. Det andre er at søkjar og ramma partar skal få høve til å gi uttrykk for synspunkta sine på staden. Ved oppmøtestaden vil NVE ønskje velkommen, og søkjar vil kort presentere prosjekt og synfaringsrute før vi legg i veg ut i tiltaksområdet. Det vil bli høve til å stille spørsmål, og om ønskjeleg å utdjupe høyringsfråsegnene.

Viktig informasjon til høyringspartar som ønskjer å delta på synfaringa

Dei som har uttalt seg i saka blir inviterte til å delta på synfaringa. Ei synfaring kan inkludere bratt og ulendt terreng, og elvekryssingar. Deltaking skjer på eige ansvar. NVE vil ikkje vere erstatningsansvarleg for eventuelle skadar som måtte oppstå under synfaringa, med mindre NVE har opptredd openbert aktlaust. Det blir oppmoda til å ha teikna eiga reiseforsikring. NVE oppmodar deltakarane til å kle seg etter forholda på synfaringsdagen. Deltakarane må sjølv vurdere om dei er i fysisk stand til å delta på synfaringa.




NVE ber om tilbakemelding på kven (namn, organisasjon og mobilnummer) som kjem på synfaringa så snart som mogleg, og seinast innan **fredagen den 30. august 2024** på e-post til Niklas Egriell: nieg@nve.no.

Praktisk informasjon

Oppmøtestad: Oppmøtested vil være Sølvane Gård i Kandal.

<https://maps.app.goo.gl/nc1XWu9362pQ2oUz7>



Forventa tidsbruk: Mellom kl. 11 og aller seinast kl. 17.

Transport: Deltakarane må sørge for eigen transport.

Beverting: Søkjar vil sørge for matsservering i felt.

Søkjar sin kontaktperson: Andreas Brunner, Cadre, mobilnr +43 664 2033716.

Informasjon til søkjar om gjennomføring av synfaringane

Representant for søkjar skal vere godt kjend med prosjektet og tiltaksområdet. Inntak og dam, anleggsveg, røyrgate, kraftstasjonsområde og andre sentrale anleggstekniske inngrep blir merka i terrenget i forkant av synfaringa. NVE ber søkjar underrette/invitere alle ramma grunneigarar om synfaringane.



Med helsing

Niklas Egriell
Seniorrådgjevar

Mottakarliste:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
GLOPPEN KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
CADRE AS
KANDAL KRAFTVERK AS
CADRE GROUP AS - Andreas Brunner

Kopimottakarliste: